



### **Førebyggjande arbeid:**

I år har laget kjøpt inn spesialørepropper til eit skulemusikkorps. I samband med utdelinga fekk vi pressedekning for å spreie informasjon om skadeverknader med for høg lyd. Lydnivået under korpsøvingane overstig ofte faregrensa for lyd.

Laget held fortsetter arbeidet med utleie av "Lydia" til barnehagane i regionen. Når "Lydia" vert sendt vidare, får kvar avdeling eit skriketroll.

Vi har kontakta ungdomsskulane om erfaringane med filmen "Null sus" som vart sendt til alle ungdomsskulane i regionen vår.

Laget var på Frekhaug senter med hørsleboksen i samband med torgdagen der. Dette var i samband med den landsdekkande kampanjen til HLF, «Hvert øre teller». Det var kø for å få testa hørsla si, og mange stoppa for informasjon. Ein suksess må vi seie det var.

Ordføraren i Meland stilte opp til test. (Det var ikkje noko gale med hørsla 😊)  
Lokal pressa var til stades her og lagde en liten reportasje.

**Informasjonsfoldar:** Det er utarbeidd ny informasjonsfolder for laget. Denne gongen har vi breitta den med 3 spalter på kvar side. Denne er lagd ut på legekontor i kommunane.

### **Økonomi:**

Det vert søkt om legatmidlar, og støtte frå kommunane.  
Regnskapet vert framlagt på årsmøtet.

### **Likemannsarbeid:**

Nokre telefonar og hjelp i nærmiljøet er alt. Det er få som vender seg til oss for å få hjelp. Vi har ikkje fått noko system på oppsøkjande verksemd.  
Derfor har vi satsa meir på førebyggjande arbeid.